

**Fra:** Per Halse (pha@hivolda.no)  
**Sendt:** 02.09.2015 10:00:03  
**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak  
**Kopi:** 'annette.durr.thomassen@hfk.no'

**Emne:** Open søknad kultur - arkivnr. 2014/24253

**Vedlegg:** Bok-prosjFebr-15.docx

SØKNAD TIL HORDALAND FYLKESKOMMUNE OM TILSKOT TIL UTGJEVING AV BIOGRAFI OM BISKOP PETER HOGNESTAD

Underskrivne søkjar (førsteamanuensis Per Halse 240157-40945) er tilsett ved Høgskulen i Volda og førebur ein biografi om «den fyrste målbispen», Peter Hognestad (1866–1931), til 150-års-jubileet for fødselen hans. Vedlagde notat av 20.2.2015 gjev meir informasjon både om meg og om bokplanen.

Forlaget krev at eg skaffar økonomisk støtte på minst 100.000 til sjølve bokproduksjonen. Til no har eg fått desse lovnadene om tilskot: 20.000 frå Stiftinga Fritt Ord, 20.000 frå Rogaland fylkeskommune, 15.000 frå Bjørgvin kyrkjelege fond og 10.000 frå Vestmannalaget.

Med dette søkjer eg Hordaland fylkeskommune om kr 20.000 i støtte til prosjektet. Hognestad var fødd på Jæren, men frå 1916 verka han resten av livet som biskop i Bergen. Han var oppteken av å knyte saman kristenliv og folkeliv, og han må seiast å vere den mest sentrale nynorsk pioneren som framleis saknar ein biografi. Eg vonar fylkeskommunen der han hadde si femten-årige bispeperiode vert med på dugnaden som kan realisere boka til jubileumsmarkeringa neste år.

Løyvingane skal ikkje overførast til meg, men etter nærare avtale til Det norske samlaget. Eg sende søknad om støtte til prosjektet til e-post-adressa [kultur@hfk.no](mailto:kultur@hfk.no) 22. juni i år. I kontakt med dykk no i august har eg forstått at den søknaden dessverre ikkje vart motteken. No har eg også studert nærare fylkeskommunen sine nettsider om tilskotsordningane, og eg oppfattar at Hognestad-biografien passar best i ramma av dei opne søknadene. Dersom administrasjonen er av ei anna oppfatning, høyrer eg gjerne frå dykk.

Høgskulen i Volda, 2. september 2015,

med venleg helsing Per Halse.

*Vedlegg:* Prosjektnotat av 20.2.2015.